

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 03.10.2019
Vår ref.: 2019/316-43
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Møte i Vassregionutvalet for Hordaland 21.10.2019 på Fylkeshuset i Bergen

Vi kallar med dette inn til møte i Hordaland vassregionutval i Bergen 21.oktober 2019 kl 10.30 - 15. Møtet vert halde på Fylkesbygget i 1.etasje møterom Vestland.

I vassregionutvalet sit alle kommunan i Hordaland og statlege sektormynde.

Meld deg på til epost: sveinung.klyve@hfk.no snarast råd og seinast innan 17.10.2019. Me vil at flest mogleg kjem til Bergen, men vil overføra møtet på skype på adressa: gå inn på nettlesar på: vm.hfk.no eller skype for business og logg in med Vestlandet@vm.hfk.no og skriv inn namnet ditt.

Gjennomgang av høyringa og vegen vidare:

Vi er no i gang med å utarbeide ein vassforvaltningsplan for Vestland 2022 -2027. Denne planen vil erstatte gjeldane vassforvaltningsplanar 2016 - 2022 for Hordaland og Sogn og Fjordane. For meir informasjon om dette arbeidet, fristar og framdriftsplan viser vi til felles brev som er vedlagt og utarbeidd av Sogn og fjordane fylkeskommune.

Som eit ledd i dette arbeidet har planprogram og dokument om hovudutfordringar knytt til vassforvaltningsplanen for Vestland 2022 -2027 vore på høyring med høyringsfrist 1.7.19. På møtet i vassregionutvalet legg vi opp til oppsummering av høyringsinnspela og korleis dokumenta har vorte endra på grunnlag av høyringsinnspela. Fylkesutvalet for nye Vestland fylkeskommune skal vedta dokumenta.

Korleis vi vil leggje opp arbeidet med å utarbeide ein vassforvaltningsplan for Vestland 2022 - 2027 vert vektlagt på møtet, m.a. korleis og når kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar vert involvert i planarbeidet. Vi legg også opp til medverknad frå interessentar, lag og organisasjonar etc. i prosessen.

Vi ber statlege etatar og kommunar vere budd på kva for type tiltak dei ønskjer innspel på, t.d. tiltak for å betre gyte – og oppvekstforhold for fisk i elvar, vandringshindre, landbrukstiltak etc.

Førebels program;

- Sak 1. Planprogram – høyringsinnspel og endringar i planprogrammet
- Sak 2. Hovudutfordringar - høyringsinnspel og endringar i Hovudutfordringar for Hordaland
- Sak 3. Kunnskapsgrunnlaget til vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027
- Sak 4. Plan for utarbeiding av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet
- Sak 5. Nasjonale føringar for arbeidet

Sak 6. Medverknad i planarbeidet

Sak 7. Ny organisering av Vestland vassregion

Sak 9. Landbruksprosjektet Mindre ureining til vassdrag i Vestland - Orientering om utvikling av GIS lag i fylkesatlas

Vedtakssaker for Hordaland vassregionutval:

1. Tilslutning til planprogram for Sogn og Fjordane vassregion og Hordaland vassregion (Vestland vassregion frå 1.1.2020)
2. Tilslutning til dokumentet Hovudutfordringar i Hordaland
3. Tilslutning til dokumentet Hovudutfordringar i vassområda: Hardanger, Sunnhordland, Vest, Nordhordland og Voss-Osterfjorden

Saksdokument og oppdatert program vert sendt ut om lag ei veke før møtet.

Tom Sverre Tomren
Leiar i Hordaland vassregionutval

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Utarbeiding av regional plan for vassforvaltning - Vestland